



Statens vegvesen
Rogaland

25 år

Rygjavegen

Nr. 2
mai 1997
25. årgang



- 4** Norsk veg- og vegtrafikkplan 1998 - 2007
- 6** Godsterminal og nye vegar i Ganddals-området
- 8** Tankar frå Lysefjordbrua
- 9** Reint og ryddig på verkstaden i Haugesund
- 10** 6-åringar på skoleveg
- 12** Museumsarbeidet i Statens vegvesen Rogaland

Stortingsmeldingen om NVVP (1998-2007)

ble lagt fram den 18. april d.å.

På mange måter er dette det viktigste styringsdokumentet vi i Statens vegvesen har, fordi det forteller oss hva vi skal arbeide med og satse på de nærmeste 4 - 10 årene. Hovedoverskriften i vegplandokumentet er denne gang vridning av innsatsen mot drift og vedlikehold og trafiksikkerhet og miljø. Det blir mindre penger til strekningsvise tiltak, en tendens som gjelder hele landet. Dette kan vi selvsagt beklage fordi vi ser at samfunnet ellers utvikler seg i en takt som gjør at vi ikke klarer å dekke behovet for veginvesteringer med den bevilgnings-takt det nå legges opp til.

Vi må imidlertid til enhver tid være lojale mot den samferdselspolitikksom det legges opp til her i landet. Det betyr at vi må ta de utfordringer som departementet gjennom vegplanmeldingen gir oss. Blant annet ønsker departementet at Statens vegvesen skal ta et større ansvar når det gjelder transport- og arealplanlegging. Vi vil få tillagt et større ansvar for planleggingen av kollektivtransport med vekt på investeringer i infrastruktur for kollektivtrafikken. Og sist, men ikke minst, miljøkompetansen skal opp i etaten. Forøvrig skal vi heller ikke slutte å planlegge og bygge veger helt, det er fremdeles mange oppgaver igjen, selv om det vil ta noe lengre tid.

For oss lokalt i Rogaland betyr dette at vi til en viss grad også må dreie innsatsen noe. Gjennom vegplanmeldingen legges det opp til at volumet på trafikantertede tiltak (bilbeltekontroll, ATK, kjøre- og hviletidskontroll) skal opp. Satsingen på trafiksikkerhet, miljø og kollektivtransport vil også ha konsekvenser for bemanning og kompetanse på disse områdene.

Ledelsen i SVR vil nå ta tak i dette og legge et fundament for veien inn i den neste tiårsperioden. For å være konkurransedyktige og effektive må vi nå se på hva vegplanmeldingen innebærer for oss og ta konsekvensen av den. Det vil bety endrede arbeidsoppgaver for noen. Vi må vurdere ressursbehov, bemanning og kompetanse. Det vil også bety at vi kanskje må justere organisasjonen for å tilpasse oss en ny virkelighet.

For å stå best mulig rustet til å møte de nærmeste årene skal vegsjefen utarbeide et strateginotat som skal gi endel overordnede føringer for virksomheten i Rogaland de nærmeste årene. På bakgrunn av dette skal hver enkelt avdeling lage et strateginotat der oppgaver, ressursbehov, kompetanse og organisering blir de mest sentrale tema.

Til slutt: Når Sissel Rønbeck ønsker at Statens vegvesen skal gis en mer betydningsfull rolle når det gjelder bl.a. kollektivtransport, så henger det sammen med at hun anser oss som landets beste og mest profesjonelle statsetat. Når vegvesenet bestemmer seg for å gjøre noe, så blir det gjort !

Den attesten henger vi gjerne opp med gullskrift !!



Tor Geir Espedal



Foto: Torleiv Tveit

INNHALD

Vegsjef-teigen	2	Rogalendinger på tunnel arbeid i Drammen	18
Min nestenulykke - din ulykke	3	60 år sidan Skjold veg-arbeidarklubb blei stifta	19
Norsk veg- og vegtrafikkplan 1998 - 2007	4	Oljesøl? - ikkje nå lenger	20
		Kontroll i vaffelduft	20
Godsterminal og nye riksvegar i Ganddal-området	6	Solaturneringen i fotball 1997	21
Dansegruppe til Kulturdagane 1998	7	Ny sesong i orientering	21
Tankar frå Lysefjordbrua	8	Kongens fortanestmedalje til Asbjørn Oddane	22
Reint og ryddig på verkstaden i Haugesund	9	- trødde til på sykkel	23
6-åringar på skoleveg	10		
Nye Moi vegstasjon	11	For nå skal bolla pinnsvin gå til skolen	23
Museumsarbeidet i Statens vegvesen Rogaland	12	Klippe, klippe sa Østensvik	24
		Personalnytt	25
Presentasjon av Administrasjonsavdelinga	13	Bjarne Steinskog til minne	25
Kryssord	17	HMS-temadag	25
		Leiarkommentar	26
		Likestilling	26
		De tillitsvalgte oppgaver og funksjoner	27
		Tillitsvalgte spalte	27

Rygjavegen

Nr. 2 - mai 1997

Redaktør
Harald Sel

Sats/layout
Sissel Gro Norland

I redaksjonen
Eva Vivoll

Trykk
Allservice A/S

Redaksjonsråd
Bjørn Alsaker
Lewy Dalen
Halvor Folgerø
Anne Elise Njærheim
John Mathias Mathiassen
Liv Rettedal

Forsidefoto
Torleiv Tveit

Baksidefoto
Kristin Eikemo

Opplag
1900 eksemplar

Min NESTENULYKKE – din ulykke?

Eit mål i Statens vegvesen er at me som arbeidsgjevar og byggherre skal sjå til at all verksemd i etaten blir gjennomført på ein måte som ikkje skadar menneske og miljø.

Skal vi nå eit slikt mål, er det heilt nødvendig å sette i gong tiltak. Eit slikt tiltak er å få folk som arbeider i eller for etaten til å melda frå når dei har opplevd ei nestenulykke. Alle hendingar; handlingar eller forhold som kunne ført til skade på menneske, miljø eller utstyr er nestenulykker.

Undersøkingar viser oss at det for kvar alvorleg skade er ca 10 mindre ulykker, og at det for kvar mindre skade er ca 60 nestenulykker.

Så her skulle det vera nok å gripa fatt i. Om ikkje dagleg, så opplever me alle hendingar då me tenkjer: No var det nære på at det gjekk galt.

Og det er desse hendingane og forholda me vil ha tak i.

Når du som les dette opplever at noko kunne gått galt, enten på grunn av feil du sjølv eller arbeidskameratar gjorde, på grunn av feil og manglar på utstyr, eller på grunn av forhold på arbeidsplassen, så skal du melda frå. Med ein tanke i bakhovudet: Neste gong dette skjer kan det føra til ei verkeleg ulykke.

Erfaring fortel oss og at ved å melda frå og sette i verk tiltak ved nestenulykker; vil vi få færre skadar og ulykker. Etter ei tid vil vi også få færre nestenulykker.

Vegdirektoratet set no i gong ein landsdekkande kampanje for å auka bevisstheten på melding av nestenulykker. I kampanjen inngår og eit lite hefte med eit forenkla meldeskjema. Ved å bruke dette meldeskjemaet aktivt når uønska hendingar oppstår; og deretter drøfta og setta i verk tiltak, kan me luka ut desse hendingane og forhindra at det ein annan gong skjer verkelege ulykker og skadar. Slike som set både eige og andres liv og helse i fare. Du skal og hugsa at ingen hendingar er for små eller ubetydelege til å meldes.

Oppfordringa må bli:

*Ta alle farlege hendingar;
forhold og handlingar alvorleg,
og meld nestenulykker!*



EVI

Rygjavegen vil koma tilbake til melding av nestenulykker ved eit seinare høve. Då vil me veta om kanskje akkurat du som les dette har meldt nestenulykke i det siste.

Og då vil me at mange skal svara ja. For både du og me veit at det har vore uønska hendingar undervegs.

Samferdselsdepartementet legg ikkje opp til store investeringar på dei to stamvegane i Rogaland (E18 og Rv 11) i tiårs-perioden 1998-2007, etter at E18 Forus - Stangeland (3,7 km) er utbygt til firefeltsveg i 1998.

Til investeringar på resten av riksvegnettet foreslår departementet ei ramme på 1.420 mill kr i tiårsperioden. Av dette er 530 mill fordelt på dei første fire åra, 1998-2001. Så mykje som 260 mill kr av denne summen skal gå til særskilte miljø- og trafikksikringstiltak.



Få nye vegprosjekt i Rogaland

Større stasing på miljø og trafikksikringstiltak

Av Harald Sel

Den totale investeringsramma til nye veganlegg i åra framover blir lågare enn tidlegare på 90-tallet. Likevel blir det større satsing på særskilte miljø- og trafikksikringstiltak.

Dette går fram av stortingsmeldinga om Norsk veg- og vegtrafikkplan som Samferdselsdepartementet la fram i april og som Stortinget skal behandla seinare i vår.

Stamvegnettet

Stamvegnettet er delt inn i 18 ruter, som går på tvers av fylkesgrensene. Dei to rutene som omfattar stamvegane i Rogaland er E18/Rv 1 Kristiansand - Bergen og Rv 11 - Drammen - Haugesund.

På stamveg ruta Kristiansand - Bergen vil ikkje Tjensvollkrysset i Stavanger, som er kalkulert til ca 50 mill kr, kunna bli bygt før 2002 med den ramma som departementet foreslår. Det same gjeld utbetring av E18 gjennom Drangsdalen i Lund som er kostnadsrekna til 14 mill kr. Ein vesentleg del av foreslåtte investe-

ringar på stamveg ruta Kristiansand - Bergen, ca 2,2 milliardar, skal gå til to prosjekt.

Ny E18 frå Handeland i Lyngdal til Feda i Kvinesdal med bru over Fedafjorden er tenkt oppstarta i perioden 1998 - 2001 og fullført i perioden 2002 - 2007. Prosjektet, som vil korta inn E18 med 15 km, har eit kostnadsoverslag på 760 mill kr.

Det andre store prosjektet på denne stamveg ruta er Trekantsambandet i Hordaland, som gir fastlandssamband mellom Sveio, Stord og Bømlo. Arbeidet på dette prosjektet startar opp i år og skal vera ferdig i år 2000. Kostnadsoverslaget er på ca 1,3 milliard kr.

Heller ikkje på stamveg ruta Drammen - Haugesund har departementet funne rom for investeringar i Rogaland før tidlegast etter år 2001.

På denne ruta er det foreslått samla investeringar på 680 mill kr i tiårs-perioden. I denne summen inngår mellom anna fullføring av ny veg langs Åkrafjorden i Hordaland og ny veg i



Telemark mellom Gvammen i Hjartdal og Århus i Seljord, til erstatning for den bratte og dårlege strekinga ved Nutheimkleivane i Seljord.

Andre riksvegar

For riksvegar i Rogaland utanom stamvegane, vil 40 prosent av den foreslåtte investeringsrammen på 530 mill kr i første fireårsperioden, 1998 - 2001, gå til igangsette prosjekt og til refusjonar av tidlegare forskotterte midlar.

Rv 13 bru over Lysefjorden og Rv 13 Hove - Vatnekrossen er dei største prosjekta som vil bli fullført i denne perioden.

Departementet stiller seg positiv til alternativ bruk av riksvegmidlar til bygging av Storhaugtunnelen på Fv 427 i Stavanger. Men det er framleis opp til fylkestinget om prosjektet skal prioriterast.

Innanfor ramma på 530 mill kr blir det lite rom for andre nye prosjekt. Endeleg prosjektliste blir utarbeidd i eit handlingsprogram hausten 1997, etter at Stortinget har behandla vegplanen.

Aktuelle bompengeprojekt

For siste del av tiårsperioden, 2002 - 2007 viser Samferdselsdepartementet til at evt. ekstraordinær finansiering blir utgreidd for fleire prosjekt, mellom anna Høgsfjordprosjektet (røyrbru), T-sambandet mellom Karmøy, Haugesund og Tysvær og prosjekt og tiltak som inngår i transportplan for Nord-Jæren. Når det gjeld meir konkrete planar for perioden 2002 - 2007, vil dette først bli vurdert ved neste revisjon av NVVP om fire år.

Høgsfjordprosjektet

For Høgsfjordprosjektet har ein lagt til grunn at prosjektet kan koma i gang i perioden 2002 - 2007 og det er foreløpig sett av midlar i perioden 2002 - 2007. Men Samferdselsdepartementet vil først ta stilling til gjennomføring av prosjektet etter at resultatane frå dei pågåande undersøkelane ligg føre seinare i år.

Kostnadane til Høgsfjordprosjektet er foreløpig vurdert til å liggja mellom 800 og 1.000 mill kr. Det er planlagt at 450 mill kr av kostnadane skal finansierast med bompengar.

Trafikksikrings- og miljøtiltak

Investeringsprofilen i Rogaland inneber elles ei satsing i byområda i vegplanperioden, mellom anna bygging av gang- og sykkelveggar og tiltak for kollektivtrafikken. I tillegg skal trafikksikringstiltak prioriterast.

Det er lagt opp til ei betydeleg satsing på trafikketta tiltak i trafikksikringsarbeidet. Dette gjeld mellom anna auka bilbeltebruk, automatisk trafikkkontroll og lågare promillegrense.

Rassikring

Det er foreløpig sett av 32 mill kr til rassikring i fireårsperioden og 55 mill kr i tiårsperioden. Dei mest aktuelle prosjekta er Rv 13 ved Ivarsflaten på Suldalsvegen og RV 517 ved Lovra på Jelsavegen. Endeleg prioritering skjer ved behandling av handlingsprogrammet.

Fylkesvegar

Departementet går inn for å behalda tilskotsordningane til forsterking av fylkesvegar, til nye store fylkesvegar og til trafikksikring av fylkesvegar. Vidare vil ein vurdere å innføra standardkrav for drift og vedlikehald av fylkesvegane.


Nasjonal strategi

I Samferdselsdepartementet sin tilrådde strategi for landet totalt i tiårsperioden blir det lagt opp til mindre vekt på nye veganlegg enn tidlegare på 90-tallet.




Derimot vil ein auka innsatsen til drift og vedlikehald av vegnettet. Vidare skal det satsast meir på tilrettelegging for kollektivtrafikk i byar og bynære område, og departementet vil styrka miljø- og trafikksikringsarbeidet. Det blir også lagt opp til ein forsiktig auke av servicenivået i riksvegferjedrifta gjennom lengre opningstid i prioriterte samband.

Departementet vil satsa på at 80 prosent av bilane skal kjøra piggfritt i dei fire største byområda innan 2002, men dette skal skje ved frivillig overgang til piggfrie dekk. I dei fire største byområda kan det bli aktuelt med oblatordningar for å redusera piggdekkbruken, dersom den frivillige ordninga ikkje blir vellukka. ■



Godsterminal og nye riksvegar i Ganddal-området

Ganddal-området i Sandnes står framfor ein periode med store endringar når det gjeld utbygging av nye område og transportkorridorar. Det blir satsa på miljøtilpassing av alle tiltaka.



Av Bjørn Alsaker

Det er 25 år sidan Statens vegvesen hadde planar om omlegging av Rv 505 mellom Orstad i Klepp og Ganddal i Sandnes. Den gongen var planen å fylgja eksisterande veg untatt ved fabrikk til Polaris, der ein skulle kryssa elva noko lenger nede enn i dag. Åra gar gått og ingen ting er blitt gjort med vegen, bortsett frå at det er bygd gang- og sykkelveg på heile strekninga, bortsett frå brua over Figgjoelva.

Sandnes kommune fremja alternative trasear for ny Rv 505 i ei vegutredning i 1980. I samband med kommuneplanen for Sandnes har planane vore oppe fleire gonger, sist under kommuneplanrevisjonen i august 1996. Nå hadde NSB kome på banen med sitt Godsterminalkonsept i Ganddal-området, og ein vart enig om å sjå på alle framtidige transportkorridorar i området, både når det gjeld Rv 505 og Rv 44.

Godsterminal

Drifta ved dagens godsterminalar i Stavanger og Sandnes er lite effektiv på grunn av for lite areal og eit uhensiktsmessig sporarrangement. Toga må fordelast på fleire spor og det er ikkje tilstrekkeleg plass til godshandtering og til å setja frå seg containarar. Dette fører til unødig mykje «skifting» av lokomotiv og vogner mellom spora, noko som er tidkrevande og fører til mykje støy.

Rikspolitiske retningsliner for ei samordna areal- og transportplanlegging viser at det er nødvendig med meir miljøvennlege transportløyisingar. Som transportør er jernbanen den mest miljøvennlege over lengre strekningar. Det er difor viktig å auka jernbanen sin konkurransevne.

Økonomiske utrekningar viser at det er lønnsomt å samla godshandteringa til ein terminal på Nord-Jæren, og Ganddal peikar seg ut som den beste plassen. Dei totale investeringane er

berekna til ca 260 mill kr (1994-prisar) inklusive grunninnløyising, anleggs-kostnader og avgift.

Eit jernbanespor til Sola, der både flyplass og hamn (gods) er etablert, kan vera ei framtidig løyising for godstransporten

Terminalen i Ganddal vil verta lagt så lågt i terrenget som mulig, og lågare enn dagens terreng. For å redusera dei store flatene og terrenginngrepa kan terminalområdet bli lagt i terrasser med ein tilplanta skråning mellom spora og eit evt. speditørområde.

Ny Rv 44

Kommuneplanen for Sandnes viser plass til ny godsterminal i Ganddal og nye trasear for Rv 44 og for Rv 505. Rv 44 har to alternative linjeføringar like nord for krysstillknyttinga til dagens Rv 44 ved Skjæveland. Det er nå laga eigen konsekvensanalyse for dette området, der ein førebels tilrår det vestre alternativet.

Ny trase for Rv 44 på strekninga Skjæveland - Stangeland (Smeaheia) vil avlasta dagens Rv 44 (Jærvegen), som er prega av stor trafikk. Dette fører til miljøproblem og ulykkesbelastning. I dag går det omlag 18.400 kjøretøy på Rv 44 ved Ganddal pr. døgn. Ved bygging av ny Rv 44 vil det gå omlag 5000 kjøretøy sør for- og omlag 12.000 nord for Ganddal pr. døgn. Den nye traseen vil også avlasta Sandnes sentrum for uønska gjennomgangstrafikk og han vil vera svært viktig for ei god miljømessig trafikkavvikling til og frå den framtidige godsterminalen i Ganddal

I Norsk veg- og vegtrafikkplan (NVVP) 1998-2007 har vegsjefen foreslått ny veg Skjæveland - Ganddal i perioden. Endeleg avklaring om prioritering vil skje i løpet av hausten 1997. Ny Rv 44 vil endra kjørerutene i Gandalsområdet vesentleg. Derfor vil det også vera interessant og nødvendig med ei avklaring om trase for framtidig Rv 505.

Ny Rv 505

I konsekvensanalysen for ny RV 505 har ein i første omgang valt eit relativt lite område, det vil seia frå Kvernaland/Orstad i sør til Ganddal i nord. Parallelt med denne analysen vil ein snart starta ei vegutgreiing for området frå E 18 ved Bue/Ålgård til Bryne/Lye og vidare til Orstad og Ganddal.

I utarbeidinga av konsekvensanalysen for ny Rv 505 har ein hatt svært godt samarbeid med kommunane Sandnes og Klepp, fylkesmannen og Rogaland fylkeskommune. Spesielt har ein brukt mykje tid på å få fram dei «ikkje-prisgitte» konsekvensane som miljø, kulturminner m.v.

Tre alternativ har vore med i analysen:

1. Foss - Eikeland, kalkulert til ca 64 mill kr
2. Vagleskogen vest, kalkulert til ca 38 mill kr
3. Øksnevad, kalkulert til ca 42 mill kr

Statens vegvesen tilrår alternativ 2, Vagleskogen, blir valt i den vidare planbehandlinga. Dette standpunktet har ein kome fram til etter ei samla vurdering av konsekvensane for miljø, vassdrag, kulturminner, landskapsbilete, landbruk og lokal utbygging av dei aktuelle områda. ■

Norsk vegmuseum 19. - 21. juni 1998

Til Kulturdagane med dans og spel



Kari Vaage Gjuvsland og Georg Ullenes fann ført rytmen under den første samlinga, der Svein Gjuvsland, Torleiv Tveit og Per Østhus sørga for feiande flott dansemusikk.

Spreke dansarar saman med tre spelemann, som ikkje er mindre spreke og sprelske, blir med på å setja sitt preg på Statens vegvesen si store kulturmønstring neste sommar. I april hadde den nye dansegruppa til Statens vegvesen Rogaland si første samling. Til hausten startar dei opp for fullt, med instruktør og øvingar ein fredag kvar månad, fram mot Kulturdagane 1998.

Tekst og foto: Harald Sel

Elisabeth Renberg og Martin Nødland er drivkreftene bak opprettinga av dansegruppa og dei vil stå i spissen for treningsopplegg og anna organisering.

Den flokken på godt over 20 som møttest til første danse-samlinga fann fort «tonen». Då spelemennene, Svein Djuvsland, torader, Torleiv Tveit, gitar, og Per Østhus, trekkspel, spelte opp var stemninga på topp nesten med det same. Så dette teiknar godt. Dette vil nok bli storarta etter litt øving og når alle stiller i staselege bunader.

Martin Nødland seier til Ryggjavegen at tanken er å øva inn både dansar og songleikar. Her vil ein i størst mulig grad prøva å finna fram til slikt som har tilknytning til Rogaland. Så får ein sjå kor mykje tid ein får til disposisjon under Kulturdagane. Truleg blir det snakk om både sceneopptreden og meir uformell dansing, f.eks. i friluft på museumsområdet. Martin understreker også at det ikkje er for seint å bli med i gruppa. Dansegilde vegvesenfolk med ledsagarar kan framleis melda seg, enten til han, Elisabeth Renberg eller Harald Sel.



Dansarar og spelemenn utanfor Vægkontoret under gruppa si første samling. Frå venstre: Gaute Vigre, Maria Vigre, Jostein Undheim, Astrid Dugstad (framme), Torleiv Tveit (med gitar), Eli Undheim, Ingrid Bjustveit, Geir Strømstad, Per Østhus (med trekkspel), Marianne Berg Strømstad, Dagfrid Nødland, Svein Gjuvsland (med torader), Martin Nødland, Synnøve Bjelland, Magne Bjelland, Olaf Dugstad (framme), Anne Elisabeth Dahle, Bjørg Ullenes, Georg Ullenes, Bjarne Bjustveit, Kari Vaage Gjuvsland, Lidvard Skorpa, Hans Gederø. Elisabeth Renberg var ikkje til stades.

Tankar frå Lysefjord- brua

Eg passerer Vatnekrossen
kl 5.53 og veit med meg sjølv
at eg er altfor seint ute.
Ferja går 6.10 presis,
så dette skal holda hardt.



Byggeleiar Kristin Eikemo saman med nokre av arbeidarane frå A/S Betong under ein kaffipause på viadukt sør. F.v.: Sigbjørn Sævland, Gaute Sømme, Geir Horpestad, Atle Ravnås, Kristin Eikemo og Stig Jonson. Foto: Otto Krogh

Av Kristin Eikemo, byggeleiar for betongarbeida på Lysefjordbrua.

Takka meg til bru!

Det går fort - veldig fort, men plutselig går det ikkje fort lenger. Foran meg ligg ein buss og ein bil som er ute på tur og skal til Høle. Dei skal ikkje nå ferja og har det derfor ikkje travelt i det heile tatt. Til slutt klarer eg å koma forbi, men no er eg stressa. Eg sit fremst på setet og flyr nærast gjennom dei siste svingane. I det klokka passerer 6.10, har eg enno 200 m igjen. Eg begynner å tuta og står på hornet dei siste metrane før ferjekaien.

Ferjemannen er i godt lag i dag. Han løfter bommen og senker rampen igjen slik at eg kjem meg om bord på ferja i dag òg. Eg synk saman bak rattet av utmatting. Nei, takka meg til bru!

Unikt prosjekt

Betongarbeida på Lysefjordbrua er no avslutta og med det òg ein hektisk og spennande periode for dei som har vore med. Dette prosjektet har vore og er på mange måtar unikt. Brua har som hovudoppgåve å knytte saman Forsand

Støyping av brubane på viadukt sør:

Foto: Kristin Eikemo



kommune og vil for det meste vere til nytte for dei om lag 1000 menneska som bur i kommunen.

Betre kommunikasjon mot Strand er òg eit viktig moment, både for strand- og forsandbuen. Lettare tilgang for turisme er ei anna og viktig side med brua; spesielt med tanke på etableringa av fortidsminnegården på Landa.

Verdisyn utover bygrensene

Det som kanskje fascinerer meg mest med dette prosjektet, er at det faktisk lar seg gjere å bygge denne brua for ei forholdsvis lita brukargruppe. Det er godt å leva i eit land som har eit verdisyn som går utover bygrensene og med armar som strekk seg ut i distrikta. Det er samstundes på sin plass å få med at dette prosjektet nok ikkje hadde vorte til utan tilskot på 62 mill kr frå Forsand kommune.

Flott portal til Lysefjorden

Lysefjordbrua ligg i ein mektig og dramatisk natur. Det er ikkje til å kome bort frå at brua er eit framandelement i naturen, men dette er etter mi meining tatt omsyn til på ein svært god måte. Brua er smekker i formen og har i seg element som møter naturen rundt. Ho står som ein flott portal til Lysefjorden. Eg trur eg uten unntak kan seie at alle som har vore med på dette prosjektet så langt synes det er ei flott bru!

Kjekt på arbeidsplassen

Det er med ein tanke vemod eg sit her inne på anlegget no med sluttrapportering og sluttoppgjær. For berre nokre månader sidan var her full aktivitet med betongarbeid. Samarbeidet mel-

lom byggherren og entreprenøren har vore spesielt godt. Arbeidsfolk frå entreprenøren har kome til meg og sagt at «etter 15 år i bransjen, er dette det kjekkaste anlegget eg har vore på». Eg er overtydd om at det er avgjerande for resultatet at folk har det kjekt med det dei held på med i alle ledd i organisasjonen. Det er opp til kvar enkelt å yte ein innsats for at det skal bli kjekt på arbeidsplassen.

Godt samarbeidsklima

For meg er det ein myte at det er beinhardt klima i byggegransjen. Eg har enno til gode å oppleve eit byggemøte der byggherren og entreprenøren «står på bordet og riv kvarandre i slipset» eller arbeidsfolk som gjev kontrolløren ei overhøving som skaper søvnproblem. Det handla om å kommunisere på eit fornuftig nivå og bruke energien på konstruktiv problemløysing. Byggherren og entreprenøren jobba tross alt mot det same målet. Dette er ikkje forsøk på glorifisering av prosjektet med betongarbeida på Lysefjordbrua. Vi har sjølv sagt hatt problem; både med sein tegningsleveranse, dårleg kvalitet på utført arbeid og samarbeidsproblem med enkeltpersonar. Men viljen til å løysa problema har heile vegen vore til stades.

Glad for tilliten

Det var eit tap for prosjektet at Solveig Yndesdal slutta, spesielt med tanke på at vi var inne i ein svært hektisk periode. Eg er svært glad for at eg blei vist tilliten til å overta etter henne. Det blei til no den største utfordringen eg har hatt i arbeidslivet, og heilt klart den mest spennande og lærerike tida. ■

Verkstaden i Haugesund:

Reint og ryddig

for effektivitet og arbeidsmiljø

Knut Rovik



- Me blir meir effektive ved å ha god orden. Alle veit kor dei skal finna kvar enkelt ting. Ein slepp å gå og leita og kasta bort masse tid.

I det heile, - at me har det reint og ryddig er ein viktig del av arbeidet med å skapa eit godt arbeidsmiljø.

Dette seier Knut Rovik som er formann ved Statens vegvesen sin verkstad i Haugesund. Han og resten av staben ved verkstaden har innarbeidd rutiner for orden og reinhald som kan vera eit mønster for mange andre arbeidsplassar.

Tekst og foto: Harald Sel

Det må krevja ein god del arbeid å halda det så reint og ryddig. Det er ein tanke ein gjer seg, når ein ruslar rundt i verkstad-bygget i Haugesund.

- Det kjem ikkje av seg sjøl, seier me til Knut Rovik, men det er ein påstand som han ikkje utan vidare vil vera med på.

- Jo, det kjem nesten av seg sjøl, når ein først får inn dei nødvendige rutinene og har kome opp på ein viss standard. Då er det lett å halda. Mitt motto på dette området er: Det er ikkje meir arbeid å halda det reint enn å halda det skittent.

Knut Rovik seier at ein kan tenkja kvar med seg. Dersom ein kjem til ein arbeidsplass med rot og skit. Då slengjer du kanskje dobbelt så mykje frå deg som du ville gjort om det var reint og ryddig. Knut fortel at då han reagerte på den ureinslege oppførselen til ein mann (ikkje på verkstaden i Haugesund), fekk han dette svaret: «Her er det så mykje skit frå før at det gjer ikkje noko om eg rotar og er ureinsleg.»

- Her i Haugesund har alle på verkstaden den innstillinga at me skal halda det

reint og ryddig, og då blir det reint og ryddig. At det skal vera slik er me jo eigentleg forplikta til også. Det er ein del av HMS-arbeidet, seier Knut Rovik. Han framhever elles Torleiv Tveit som ein føregangsmann på dette området. Han har alltid vore opptatt av godt arbeidsmiljø.

Dei andre tilsette på verkstaden er av same oppfatning som formannen; orden og reinhald er viktig.

- Me prøver å rettleia kvarandre og har rutiner som gjer at dette blir ein naturleg del av arbeidet. Me er ikkje ferdig med ein jobb før også golvet er reint, seier Tor Log.

Og han får full støtte av kollega Birger Steine. - Arbeidet er ikkje ferdig før arbeidsplassen er rydda. Og me får «betalt» for det. Den tida me brukar til rydding og reingjering brukar kanskje andre til å leita etter verktøy som dei ikkje finn i alt rotet, seier Birger. ■



Arbeidet er ikkje ferdig før arbeidsplassen er rydda. Det meiner både Birger Steine (t.v.), Tor Log og resten av gjengen ved verkstaden i Haugesund.

6-ÅRINGER PÅ SKOLEVEG

Hva kjennetegner disse små trafikantene, og hva kan vi gjøre for å trygge skolevegen for dem?



I Rogaland begynner nærmere 12.000 barn helt ned til 5 fi års alderen på skolen til høsten. Halvparten av disse som følge av Reform -97 - skolestart ved 6-års alder.

**Av Esther Marita Folkvord,
Trafikksikkerhetsseksjonen**

Forsker ved TØI (Transportøkonomisk institutt), Kari Midtland, har i rapporten «Seks-åringene som fotgjengere» belyst 6-åringenes forutsetninger for å kunne ferdes trygt i trafikken og risikofaktorer på skolevegen.

Det er påvist at det skjer et vesentlig skille i utviklingen i alderen fra 6 til 7 år, og at dette har betydning for barnas evne til å ferdes trygt i trafikken. Videre vet vi også at største-delen av 6-åringenes ulykker skjer ved kryssing av veg, og skyldes for en stor del uoppmerksomhet.

På hvilke områder er så 6-åringene annerledes enn «oss andre»?

- Deres egosentrisitet - dvs. at de mangler evner til å være forutseende og se mulige farer i trafikkbildet. Situasjoner der de ikke ser biler, som mot bakketopper eller bak parkerte biler, vil føles trygge, og de velger gjerne å krysse vegen på slike steder.
- Deres manglende evne til å styre og å kontrollere oppmerksomheten - de lar seg lett avlede.
- De mangler erfaring til å skille mellom det vesentlige og uvesentlige i trafikkbildet.
- De har problemer med å generalisere over situasjoner, og derved til å fullt ut utnytte tidligere erfaring.
- Omkring 40 % av 6-7 åringene har problemer med å avbryte en bestemt handling, f.eks. at et løpende barn plutselig må stoppe ved vegkanten. Omkring 9 % av 8-9 åringene har de samme problemene.
- Små barn mangler evnen til full utnyttelse av sidesynet.
- De har problemer med å bedømme avstanden til møtende biler.
- Barna er dessuten små av vekst, de har vanskelig for å se selv og å bli sett over hindre.

Ikke minst overvurderes ofte barnas evne til å bedømme riktig og klare seg i trafikken av foreldrene. Barna kan nemlig lære og gjengi regler uten vansker, men de forbinder ofte ikke noe konkret med innholdet.

Konklusjonen er at 6-åringene normalt ikke synes å ha forutsetninger for å utføre alle de oppgaver han/hun blir stillet overfor i trafikken, på en sikker måte.

I oktober -96 arrangerte FTU i samarbeid med bl.a. Trygg Trafikk to konferanser, henholdsvis i Haugesund og i Stavanger, over temaet «6-åringene på skoleveg». Målet med disse konferansene var å belyse 6-åringenes forutsetninger for å kunne ferdes trygt i trafikken. Samtidig ble kommunene oppfordret til å starte registreringen av skolevegene i sin kommune. FTU vil arrangere oppfølgingskonferanser i Stavanger den 3. juni og i Haugesund den 4. juni i år.

Med begrensede midler til trafikksikring særlig, er Aksjon skoleveg-midler (ASV) et kjærkomment tilskudd i trafikksikkerhetsarbeidet. I 1997 har Rogaland fått

6,5 mill kr i statstilskudd, som utgjør 60 % av tiltakenes kostnad. ASV-midler kan nyttes på fylkesveger og kommunale veger. En stor andel av ASV-midlene ble tildelt tiltak spesielt med tanke på 6-åringene, f.eks. opprusting av trafikkområdene ved skolene. Videre gikk en stor andel av midlene til tiltak på det kommunale vegnett.

Trafikksikkerhetsseksjonen sendte i slutten av januar -97 et brev til alle kommunene og barneskolene i Rogaland hvor det ble pekt på aktuelle tiltak for å kunne sikre skolevegene spesielt med tanke på de minste trafikantene.

Eksempler på slike tiltak er:

- Tilrettelagte avstigningsplasser/ sнопlasser ved skolene.
- Sikring av kryssingssteder.
- Hastighetsvurdering.
- Skolepatruljer.
- Følgeordninger enten til fots eller i bil.

Videre vil nå Vegdirektoratet, etter påtrykk fra noen vegkontor, deriblant Rogaland, undersøke muligheten for merking av skoletransport, hvordan denne bør utføres og eventuelt utpeke et eller flere fylker til å være prøvefylker for slik merking.

Framover mot høsten vil trafikkstasjonene sjekke «Gangfelt»- og «Barn»-skilt og skifte ut dem med dårlig refleks.

Ved skolestart vil trafikkstasjonene i samråd med Trafikksikkerhetsseksjonen søke i samarbeid med politiet å avholde atferdskontroller ved skolene. Atferdskontrollene vil i første rekke fokusere på de kjørendes atferd. Settes barna av på riktig side av vegen? Er det barna eller bilene som må krysse vegen?

Videre ønsker Trafikkavdelingen til høsten å sende et brev til alle foreldre til 6- og 7-åringene hvor målet er å prøve å bevisstgjøre foreldrene som sjåfører. Likeså vil vi oppmøde foreldrene om å gå flere sammen om å kjøre eller følge barna til skolen, slik at antallet biler på skolevegene blir redusert.

Ellers synes det som om at det beste vi kan gjøre for å sikre de minste barna på skolevegen, er at vi selv som bilister/ kjørende tar på oss ansvaret med å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken. De minste barna har nemlig ikke forutsetninger for å kunne klare det! ■



Foto: Tove Dirdal

Nye Moi vegstasjon - en mobil ministasjon

Av Johannes Bø

Hovedbygget med kontor og garasjelokaler på Moi vegstasjon er solgt. Lund Eiendom A/S er den nye eier av lokalene. Dette firma har i lengre tid hatt tilknytning til stasjonen via en leieavtale mellom vegvesenet og trelastfirma Lund Byggsenter A/S.

Vegvesenet forlater imidlertid ikke plassen. Området er nå delt i to og vi sitter igjen med sandhall, nytt lite kontor/driftsbygg (60 kvm) og tomt på ca fire dekar. Nybygget som nylig ble ferdigstilt, er tilpasset virksomheten i distriktet og kostet oss ikke mer enn hva to-tre brakker ville gjort. Det inneholder kombinert spise- og kontorplass, lomperom (varme- og klesskifterom) og verktøybu.

Produksjonsområde Egersund (POE) har med dette fått et funksjonelt og godt utgangspunkt for drifts- og arbeidsoppgaver i søre delen av området, og Produksjonsavdelinga totalt har fått redusert noe av sine

husleiekostnader. Folk fra produksjonsområdet har selv bidratt med tegning og utforming av nybygget som er anbrakt og bygget slik at det enkelt kan flyttes, hvis og når det måtte være behov for det. Kanskje noe nytt på bygningssiden i vegvesenet, men et godt tiltak for å kunne møte framtiden med et vegvesen i stadig forandring. Lund Byggsenter A/S har stått for utførelsen av bygget.

Innvelsen av nybygg og overlevering av gammel stasjon ble markert i nybygget med en enkel sammekomst av folk fra Produksjonsområde Egersund, Produksjonsavdelingas samordningsseksjon (PSA), jurist Sigbjørn Næsse og representanter for ny eier.

Sigbjørn Næsse har bidratt til ryddige og gode avtaler mellom partene, og begge sa seg fornøyd med den nye situasjonen og uttrykket håp om at det gode naboforholdet ville vedvare. Jonny Røyland fra Produksjonsområde Egersund, som skal ha det stedlige tilsynet med stasjonen, fikk overrakt blomster fra Lund Eiendom A/S.



Statens vegvesen får overrakt blomster fra Lund Byggsenter A/S. Fra v.: Jonny Røyland, Runar Rusdal (Lund Eiendom A/S), Sigbjørn Næsse, Tove Dirdal, Øyvind Langemyr, Kjell Bjørnevoll, Torbjørn Hellenen, Kåre Heigre og Kjell Navrestad.

Foto: Johannes Bø



Låga bru over Suldalslågen som vart restaurert i fjor.

Skjølja bru nær Ropeid i Suldal skal restaurerast.




FORANDRING

FRYDER

Museumsarbeidet i Statens vegvesen Rogaland

Forandring fryder. Dette er mottoet for Kulturminneåret 1997, men det kan også stå som motto for museumsarbeidet i Statens vegvesen Rogaland.

Tekst og foto: Torleiv Tveit



Først litt om organiseringa av museumsarbeidet i fylka. Det vert leia av ein kontaktperson, i vårt fylke av Svein Magne Olsen, som står i nær kontakt med leiinga av Norsk Vegmuseum på Hunderfossen. Olsen leier også rådet for Norsk Vegmuseum.

Lokalt har me og eit råd for kontaktpersonen. Dette vert kalla Museumsutvalget og består av fem personar, og med kontaktpersonen som sekretær. På det siste møtet i museumsutvalet vart samansetjinga av utvalet for dei neste to åra bestemt slik:

Bjørn Chr. Grassdal, Utbyggingsavd., leiar
 Elisabeth Renberg, Administrasjonsavd.
 Johannes Bø, Produksjonsavd.
 Audun Løken, pensjonistforeninga
 Torleiv Tveit, Trafikkavdelinga

Mange av oss har vel ein latent konservator i oss, gjerne kraftig undertrykt i dei travlaste produksjonsåra av livet. Etter som åra går, vaknar gjerne

Grensestein ved Rv 11, Toskartjørn utanfor Haugesund.

interessa for bevaring og historie, me modnast og kjenner det rett å ta vare på røtene. I Rogaland er me så heldige at me har fått etablert eit vegmuseum i tilknytning til Vegkontoret. Dette vert stadig komplettert med nye gjenstander og utstillingar.

For tida er kjøretøyavdelinga under oppbygging. Der vert det råd å visa frå saga til Biltilsynet, samtidig som ein kan visa utviklinga på kjøretøysida, frå enkle heste-kjøretøy og sykklar fram til det som er kvardagen i dag.

I februar og mars var museet ope for publikum om søndagane. Elles er alle velkomne til ein «kikk» dersom ein er innom Vegkontoret i arbeidstida.

Størstedelen av «museet» er likevel utandørs. Tenk på all den samferdsels-soge som finns rundt omkring i form av gamle vegfar, hoppesteinar, bruer, drikkekar, kongemonogram etc. Mykje kjenner me enno ikkje til, og me ber alle om hjelp og tips. Likeeins når det gjeld gjenstander og utstyr som er verd å ta vare på. Ta gjerne kontakt med ein av oss i museumsutvalet. ■

Administrasjonsavdelingen



Statens vegvesen
Rogaland

Administrasjonsavdelingen har ansvaret for de administrative tjenestene i Statens vegvesen Rogaland.

Innenfor arbeidsområdene innebærer dette en

- styrings- og policyrolle
- oppfølgingsrolle
- service-/rådgivingsrolle

Hovedarbeidsområdene er:

- Arkiv- og posttjeneste
- Sentralbord/resepsjon
- Bibliotek
- Kontorhold og rekvisita
- Renhold/vaktmester
- Kantine
- Personal- og lønnsarbeid
- Organisasjonsutvikling og opplæring
- Økonomi
- Innkjøp
- Juridisk arbeid
- IT-funksjoner
- Grafiske tjenester

15. APRIL 1997

Administrasjonssjef
A



Bente
Kogstad



Kirsten
Fatland Hansen



Else
Birkeland



Bjørg
Bratteland



Solveig
Erland



Jorunn
Fjogstad



Signe
Flikke



Liv Gro
Svensen Haugen



Reidun
Gundersen



Marit
Hansen



Anniken
Haugland



Helge
Hågensen



Ingeborg
Jørgensen



Sissel Gro
Norland



Marit
Koningsberg



Liv
Leikvoll



Gunnlaug Alice
Lovik



Gunvor
Nilsen



Kjell
Nymark



Rolv
G. Skjærpe



Marit
Th. Olsen



Karin
Tonnessen



Ingvar
Vestly



Margot
Voll



Kjersti
Vasbo



Jostein
Aadnøy

Fellestjenester
AF

Seksjonsleder



Elisabeth
Renberg



Anne Britt
Andersen

Grafisk senter
AG

Seksjonsleder



Bård Asle
Nordbo



Bodil
Dam Bustad

Personalseksjon
AP

Seksjonsleder



Svein
Dahle



Eline
Eggebo



Odfrid
Espedal



Bjørg Marit
Håland



Torstein
Rein Larsen



Marit E.
Osestad

Økonomiseksjon
AO

Seksjonsleder



Willy
Bjørnsen



Astrid
Njaa Fredriksen



Marzena
Gajos Hamre



Unni
Idland



Sigbjørn
Næsse



Liv
Rettedal



Helga Jorunn
Bleskestad



Anne
Grimstvedt



Ann-Kristin
Haram



Anita
Ingebrigtsen



May Anita
Nøkling



Sissel
Tvedt



John Eyvind
Danielsen



Marit
Grønnestad



Mary Helen
Stenbakk Haukalid



Oddbjørg
Kristiansen



Azra
Olbina



Elin
Stueland



Martha
Eskevik



Kristense
Guggedal



Marie
Hogstad



Reidar
Mæland



Tove
Berg-Olsen



Gunn Elise
Vikre

IT-seksjon
AIT

Seksjonsleder



Arnulf
Follaug



Bergfinn
Fyljesvoll



Hilde E.
B. Johnsen




Sigrid
Hågensli Lyngholm



Jakob
Meling



Svein
Sivertsen



Administrasjonsavdelingen har ansvaret for alle de administrative tjenestene i Statens vegvesen Rogaland

Dette innebærer:

Styrings- og policyrolle

Innen administrasjonsavdelingens ansvarsområder skal avdelingen ha spesialkompetanse og forestå utarbeidelse av forslag til policy, felles retningslinjer og felles målsettinger.

Oppfølgingsrolle

Alle avdelinger har selv ansvar for prosjekter innenfor sine ansvarsområder.

Administrasjonsavdelingens ansvar er å påse at krav fastsatt i lover, forskrifter, instruksjoner og retningslinjer overholdes.

Service og rådgivingsrolle

Administrasjonsavdelingen skal yte tjenester til alle ledd i organisasjonen innenfor alle sine arbeidsområder.

Målsettingen er at høy kompetanse og god kvalitets-sikring skal gjøre avdelingen etterspurt som rådgiver innenfor administrasjonsavdelingens fagområder.




Statens vegvesen
Rogaland

Lagårdsveien 80
Postboks 197, 4001 Stavanger
Telefon 51 50 13 00
Telefax 51 53 68 29

Kryssord nr. 2/97

VANNRETT

1. Komité
7. Hvile
12. Vårfenomenet
13. Smart
14. Kort
15. Motvirke
19. Vokser
20. Prøve
22. Månefase
24. Fulle
26. Sted i Rogaland
28. Dårlig
29. Rekke
30. Kratt
32. Medfølelse
34. Tre
35. Husdyr
36. Mark
37. Retning
39. Kjærlighetsgud
41. Forsvarsforbund
43. Smal
44. Byge
45. Lommebok



LODDRETT

1. Dyr
2. Jevnt og
3. 20. mars
4. Tall
5. Flire
6. På kjøretøy
7. Skred
8. Følehorn
9. Tobakk
